

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 15/9507-2

## Program for konsekvensutgreiing av Skarfjell-feltet - høyringsfråsegn

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å vedta slik fråsegn:

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at framlegg til utgreiingsprogram, supplert med kommentarar frå relevante faginstansar, vil sikre at viktige miljø- og fiskerifaglege spørsmål vil bli handtert på ein tilfredsstillande måte. Spørsmål om samfunnsmessige verknader er derimot lite utførleg handsama i framlegget, og fylkeskommunen vil konsentrere fråsegna rundt dette gjennom følgjande kommentarar.

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune etterlyser ei grundig drøfting av samfunnsmessige ringverknader i konsekvensutgreiinga. Elektrifisering, driftsorganisasjon, forsyningsbase, persontransport og involvering av leverandørindustrien i fylket er sentrale stikkord for forventningar frå Sogn og Fjordane i samband med nye utbyggingar utanfor fylket.
2. Elektrifisering er eit viktig element i forhold til utvikling av sentral fysisk infrastruktur. Det er positivt at dette er basisalternativ ved ei sjølvstendig utbygging. Arbeidet må ta utgangspunkt i at krafta skal hentast frå Sogn og Fjordane. Vi ber om tidleg involvering av regionalt nettselskap som gjorde eit grundig arbeid i samband med planar for Gjøautbygginga.
3. Lokalisering av driftsorganisasjon er eit viktig verkemiddel for å få til kompetansearbeidsplassar og næringsutvikling lokalt. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at operatøren greier ut korleis ein driftsorganisasjon i Florø kan utviklast.
4. Florø har tilgjengeleg infrastruktur og lang erfaring som forsynings- og helikopterbase og som stad for lagring og vedlikehald av utstyr, deriblant avansert subseautstyr. Florø ligg svært sentralt plassert i høve Skarfjell. Eksisterande forsynings- og helikopterruter mellom Florø og Gjøa tilseier at det bør liggje sjeldan godt til rette for effektive samarbeidsløysingar.
5. Vi ber også om at operatøren greier ut korleis det best kan leggst til rette for involvering av leverandørindustrien i fylket.
6. Det er naturleg at vi er aktive bidragsytarar på fleire av dei punkt som her er nemnde. I samband med planar for utbygging og drift av Knarrfeltet (tidlegare Jordbærfeltet) utarbeidde vi eit regionalt bidrag til arbeid med lokaliseringsstudie, og vi erfarte ei inkluderande haldning frå operatørselskapet. Vi ber om at det vert lagt til rette for ein open og konstruktiv dialog, slik at vi er trygge på at tilsvarande og oppdatert kunnskapsgrunnlag vert lagt til grunn i den vidare prosessen. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å ta rolla som regionalt kontaktpunkt i forhold til dette.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Forslag til program for konsekvensutgreiing – utbygging og drift av Skarfjell

## SAKSFRAMSTILLING


### Bakgrunn

Operatøren Wintershall Norge AS har på vegne av lisenspartnarane sendt program for konsekvensutgreiing for Skarffjell på høring. Fristen for fråsegn er 9. desember. Sogn og Fjordane fylkeskommune er mellom høyringsinstansane.

### Om Skarffjell og prosessen fram mot godkjenning

Wintershall Norge AS er operatør Skarffjell. Utvinnbare ressursar er anslått til mellom 100 og 140 millionar oljeeekvivalentar (olje og gass). Funnet vart gjort i 2012 i utvinningsløyve 418. Reservoaret strekkjer seg inn i utvinningsløyve 378. Lisenspartnarar er Capricorn Norge AS, Bayerngas Norge AS, DEA Norge AS, Edison Norge AS og Explora Petroleum AS.

Skarffjell ligg i blokk 35 i den nordlege delen av Nordsjøen. Feltet ligg om lag 15 km sørvest for Gjøafeltet, 50 km nord for Trollfeltet og 54 km frå land. Lokaliseringa går fram av vedlagde kartutdrag henta frå [www.norskpetroleum.no](http://www.norskpetroleum.no).




Føremålet med utgreiingsprogrammet er å informere styresmakter, interesseorganisasjonar og andre interessentar om kva som er planlagt utbygd, kvar utbygginga vil finne stad, og korleis den skal gjennomførast og drivast. Programmet vert sendt på høring slik at det er mogleg å påverke kva som skal greiast ut.

Konseptval er venta å bli tatt i første kvartal 2016. Det ligg føre to alternativ:

- Sjølvstendig utbygging med halvt nedsenkbar innretning med tilhøyrande undervass produksjonsanlegg (jf illustrasjon).
- Tilknytning til Gjøa med tilhøyrande undervass produksjonsanlegg.

For alternativet med sjølvstendig utbygging vil basisalternativet vere kraft frå land. Ei alternativ løysing med kraftproduksjon med låg-NOx gassturbinar vil bli vurdert og presentert i konsekvensutgreiinga. For



Konseptskisse for alternativet med selvsstendig utbygging av Skarffjell.

alternativet med tilknytning til Gjøa for prosessering vil straum frå land dekke hovuddelen av kraftbehovet, då Gjøa har kraft frå land.

Utbygginga er basert på installasjon av to havbotnrammer. Eksport av oljen vil skje gjennom rørleidningen TOR II til Mongstad, mens gasseksporten vil skje med tilknytning til rørleidningen frå Gjøa via FLAGS på britisk sektor.

Boring av (i utgangspunktet sju) brønner er planlagt utført med ein halvt nedsenkbar borerigg. Boreoperasjonane er venta å vare i underkant av to år med start i 2019. Produksjonsstart er planlagt i 2021/22.

Den vidare tidsplanen for konsekvensutgreiingsprosessen ser slik ut:

Omtale	Tidsplan
Høyring av forslag til program for konsekvensutgreiing	Q3 15 – Q4 15
Handsame høyringsfråsegner	Q4 15 – Q1 16
Fastsetting av utgreiingsprogram	Q1 16
Konsekvensutgreiing (KU)	Q1 16 – Q2 17
Høyring av KU	Q3 17 – Q4 17
Innsending av plan for utbygging og drift (PUD) (inkludert KU)	Q4 17
Handsaming av PUD	Q1 18 – Q2 18

For investeringar under 20 milliardar kroner vert PUD endeleg godkjent av regjeringa. Er investeringa over 20 milliardar, skal PUD handsamast av Stortinget.

## Vurdering

Det er gjort mange interessante funn av petroleum utanfor Sogn og Fjordane. Ikkje minst i området der Skarfjell ligg (kvadrant/blokk 35), har Oljedirektoratet gitt tydelege signal om at det må vere godt samvirke mellom ulike lisensar, slik at ein i sum får gode og fleksible løysingar som sikrar høg utvinningsgrad. Det er grunn til å tru at det ikkje blir mange nye frittstående utbyggingar i området.

I denne saka er det førebels ikkje teke eit konseptval. To alternativ er lanserte. Tilknytning til Gjøa eller frittstående utbygging. Ei frittstående utbygging tilseier meir aktivitet (mellom anna ei ny plattform å forsyne gjennom levetida), mens tilknytning til Gjøa styrkjer aktiviteten der.

Uavhengig av løysing er det viktig å sikre at dette blir eit Sogn og Fjordane-prosjekt. Skarfjell ligg i vårt absolutte nærrområde. Vi har i dag ein infrastruktur for å understøtte aktiviteten i dette området. Grunnlaget for å få til gode og effektive samarbeidsløysingar mellom operatørselskapa burde difor vere det aller beste.

Erfaringane frå utbygging og drift av Gjøa, og i den seinare tid også Knarr, tilseier at det å få eit nytt operatørselskap til å etablere aktivitet lokalt, betyr mykje og tilfører ny dynamikk og ringverknader. Eitt svært tydeleg døme på dette var då GdF Suez/Engie satsa på eige helikopter for å flyge til Gjøa.

## Konklusjon

Skarfjell er eit felt som det er strategisk viktig å forankre i Sogn og Fjordane.

Eit KU-program er normalt ganske detaljert når det gjeld ymse miljøspørsmål. Dette er tilfelle også her. Derimot er dei forhold som gjeld andre samfunnsmessige effektar, og då ikkje minst på lokalt og regionalt nivå, lite utførleg omtala. Det blir difor tilrådd å konsentrere fråsegna rundt dette.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)